



Inspirerende og dugande læremeistrar, Bjørn Arve Lunde og Johanna Øvstebø Tvedten.

Fire skular i Kvinnherad har dei to siste dagane vore samla på Bøkkerverkstaden på Rød og fått opplæring i det å byggja seg ein færing. Det er Johanne Øvstebø Tvedten og Bjørn Arve Lunde frå Sunnhordland museum som er pedagogane bak dette programmet.



Unge båtbyggjarar.

På måndag var 6. klassane frå Malmanger og Uskedal skule på Rød. I dag har elevar frå Sunde og Bringedalsbygda fått ei fin og lærerik oppleving med song, musikk og praktiske oppgåver i båtbygging.

Undervisningsprogrammet **Eg byggjer meg ein båt** er velkjend i inn- og utland. I meir enn 10 år har museet vitja kommunane i Sunnhordland med framsyninga og alle har på den måten fått ei minnerik oppleving og eit innsyn i handverket fartybygging. Museet har vore i Frankrike og Skottland på kyststemne med det same programmet. Neste stopp på turneen er Valebuo på Valen og seinare Halsnøy Kloster.

Tekst: Kristian Bringedal

Arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland